

Ordskipfte

INNLEGG OVER 3500 TEIKN INKL. MELLOMROM KAN BLI NEDKORTA
ordskipfte@dagogtid.no (Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.)

«Slike bygg vil alltid vere omstridde,
både med omsyn til form og innhald.»

Stakkarsleg, Dag og Tid!

GARBORGSENTERET
SVEINUNG TIME
NORHEIMSUND

«Stakkars Garborg» er tittelen på Solveig Aareskjolds kritiske «kulturkommentar» ved opninga av Nasjonalt Garborgsenteret sist veke (Dag og Tid 7. september).

Kva er det som er så gale at Aareskjold i djup medkjensle med Garborg nærast må åtvare både fastbuande og vegfarande langs riksveg 44 mot å gjere seg kjende med det nye huset på Bryne? Kva er det ho gir Dag og Tids lesarar innsikt i? Og: Kva er så viktig med denne innsikta at Dag og Tid lar den vere det einaste dei har om Garborgsenteret?

Først og fremst gir kommentaren innblikk i Solveig Aareskjold sjølv. Forkledd som ei arkitektur-kunnig melding av sjølve bygget får lesaren smakebitar på Aareskjolds sure vonbrot over at bygget er feilplassert blant ungdom i sentrum, ikkje i Knudaheio eller på Garborg. Vi får vite at byggforma gir henne assosiasjonar til grisehus. Her er der ikkje rom for poesiopplevingar, så Felleskjøpet får like godt tips om at ein lett

kan ta det firkanta huset i bruk som lager. Taket er tett – truleg. Men vi får for sikkerheits skuld ein omveg om farfarens gode råd mot utette hus.

Korleis skal ein forstå denne bøya av sur nedbør frå ein elles av og til interessant skribent? Til grunn for Aareskjolds syn på Garborgsenterets form, plassering og oppgaver ligg eigentleg eit nokså romantisk syn på forholdet vårt til store diktarar: Eit formidlingssenter skal vere eit rom for sterke poetiske opplevingar. Derfor må det plasserast ute i naturen, der den store dikteren fekk sin inspirasjon. Dette synet kjem klårt fram i eit tidlegare intervju, då plasseringsdebatten var på sitt sterkaste (Stavanger Aftenblad 23. mars 2007). Saman med arkitekt Trodal og kulturvernar Taksdal talar diktar Aareskjold til oss mellom lyng og stein i Knudaheio, det rette rom for «spesielle» og «gjennomgripande» opplevingar. Slike kan ikkje skje «i eit nytt kvartal i Bryne». «Det var jo her Garborg var inspirert».

Arkitekturfilosofien blir også formulert her. «Garborgsenteret skal ikkje ha høghus som



Sveinung Time reagerer mest på det som *ikkje* står i Dag og Tid i samband med opninga av Garborgsenteret førre veke.
Foto: Asle Haukland, Garborgsenteret

nabo». Det verkar som ein trur at «Garborgs ånd» og poesi forsvinn i eit «anonymt hus» i sentrum. Der har «ungdommen nok med å vera ungdommar og sjå på kvarandre». Nei, ein må ut til den inspirerte dikteren i den inspirerende naturen for at ungdommen skal kunne få seg ei minnerik og «gjennomgripande litterær oppleving». Dei tre er også samde om kva hus dette kan realiserast i: «Det må gravast i bakken (...) Det må gravast heilt ned til huldra og alvane».

Tydelegare kunne ikkje nasjonalromantikarane uttrykke det. Der i Knudaheio skulle det nasjonale senteret også «kunna vera med å forma rogalandsidentiteten».

Det er ikkje rart at Solveig

Aareskjold er lite nådig nå når Garborgsenteret er opna og samlokalisert med eit bibliotek i Bryne sentrum og snart næraste nabo til ein ny vidaregåande skole. Ho må gjerne få meine det ho meiner både om Garborgformidling og arkitektur – også i opningsveka til det flotte senteret. Det er ikkje *det* eg reagerer på. Slike bygg vil alltid vere omstridde, både med omsyn til form og innhald. Det er heller ikkje det respektause ved den arrogante forma i formaningane eg reagerer mest på. Dei som har stått på og ført senteret fram til realisering i førre veke, tåler nok denne «trykksaka» òg.

Aareskjold må også gjerne tru ho har så god kontakt med Garborgs ånd at ho medfølande kan

utbryte «Stakkars Garborg» og verne han mot misbruk. Nei, det eg reagerer mest på, er det som *ikkje* står i Dag og Tid: Eg reagerer på at denne «kulturkommentaren» er det einaste avisa har å by lesarane ved opninga av eit Nasjonalt Garborgsenter. Det er stakkarsleg, Dag og Tid! I lys av dei siste års dekning er det forresten kanskje ikkje så overraskande at redaksjonen prioriterer slik ein-sidedig Garborgsenter-vinkling også i førre veke. Men det er skuffande. Skuffande for mange lesarar som før har sett denne uavhengige vekeavisa i forlenginga av Garborgs Fedraheimen.

Sveinung Time arbeider i norskseksjonen, Høgskolen i Bergen. Han har redigert Garborgs samla verk og publisert bøker og artiklar om forfattere.

Gazas einaste håp

GAZA
ØYSTEIN WANGEN
HAMAR

«Den såkalla blokaden» er den underlege overskrifta på Olav Ekerhovds innlegg i Dag og Tid 7. september. Der gir han inntrykk av at Israel berre hindrar vâpentransport til Gaza. Det er grovt misvisande.

Gaza-blokaden er ei folkerettsstridig, kollektiv avstraffing av folket i Gaza som Israel innførte i 2007 etter Hamas sin valsiger året før. Sidan har Israel hindra innførsel av ei mengd naudsynte varer. Israel har også, ulovleg, halde tilbake pengar som tilhører palestinarane.

Kva Israel ønskjer å oppnå, treng ingen tvile på. «Som ein del av deira overordna embargoplan mot Gaza har israelske tenestemenn ved

mange høve stadfesta at målet er å halde Gazas økonomi på kanten av kollaps, utan å dytte han over kanten.» Dette skreiv USA's ambassade i Israel under tittelen «Pengelaus i Gaza?» 3. november 2008. Det var rett før Israels Gaza-massakre gjorde alt enda mye verre.

Seriøse rapportar viser at det går på helsa laus, særleg for barn. I september 2009 rapporterte FN's miljøprogram om ureina drikkevatt i Gaza langt over grenseverdiane frå WHO, og at høgt nitratinnhald gir meir enn annankvar baby «blå-baby-syndromet», blå hud og problem med indre organ.

FN-kontoret UNRWA leverte i juni 2011 ein grundig rapport om Gaza. Den viser ei arbeidsløyse blant verdas høgste. Verst i privat sektor, da blokaden hindrar innførsel av innsatsfak-

torar til jordbruk og industri. Dermed må også mange som ikkje ønskjer det, tene Hamas, for barna deira treng mat.

Sist i rekkja er Redd Barnas nye rapport «Gaza's Children: Falling Behind»: 10 prosent av barn under fem år er mangelfull ernærte over tid. Anemi rammar fleirtalet av barna. Det blir rapportert høg førekomst av mange psykososiale symptom. Blant mye anna.

I skuggen av mykje dramatik i Midtausten høyrer vi no mindre om overgrepa mot Gaza. Da trengst Ship to Gaza, vakne media som gjer jobben sin og politikarar som tør anna enn å dilte etter USA. Press mot Israel frå ei opplyst omverd er Gazas einaste håp.

Red.mrk.: Tittelen på Ekerhovds innlegg blei sett av redaksjonen.



Klimamoral

KLIMA
SIGBJØRN GRØNÅS
OS

I ein artikkel i Dag og Tid 31. august spør Heidi Hattestein oljebransjen om dei er uroa over å bidra til øydelegging av jorda for dei som kjem etter oss. Typisk nok fekk ho ikkje svar frå Gro Haatvedt, ansvarleg for leiting i Statoil.

I dag slepp fossilindustrien å betala for skadane produkta deira påfører jorda vår. Det gjeld luftureining som tek livet av omtrent ein million menneske i året, og det gjeld klimaskadar, som alt no er vesentlege og som med tida kan bli enorme. Hadde fossilindustrien betalt det dei skulle, ville det over alt lønt seg å satsa på energieffektivisering og fornybar energi. I dag slepp dei unna, og industrien vinn ut alt dei kan, for utan tvil gjev dette større fortjeneste enn noko anna. Dei har mykje å ta av, omtrent fem gonger meir i kjende reserver enn det som kan takast ut om klimaendringane skal stabiliserast. Og det blir leita etter meir.

Med tilstrekkelege rammer i form av lover og avgift på utslepp ville fossilindustrien etter kvart dreia verksemda si mot fornybar energi. Men så lenge etikk og regulerande lover er fråverande, vil dei vinna ut til siste droppe, stikk i strid med sikker klimakunnskap. Eg trur ettertida vil stempla aktiviteten som eit brot mot menneskeslekta, kanskje det aller største nokon gong. Men større skuld har leiande politikarar, som ikkje har moralsk mot til å redusera klimautsleppa i solidaritet med barneborna våre.

Klimaproblemet er eit omfattande kollektivt moralsk problem, for ingen kan lata som om ein ikkje veit. Derfor har vi alle ansvar for å redusera klimautsleppa, først og fremst ved å arbeida politisk. Ein anonym i oljebransjen svara Hattestein at mindre utvinning av petroleum ville gå ut over velstanden i landet. Det trur eg gjerne, men det spørst kva etterkomarane hans vil meina om svaret. Eg vil råda vedkomande å studera det vi kallar allmenningstragedie, korleis kortsiktig vinst kan føra til tragedie på sikt.